

Venelaget

MEDLEMSHEFTE FOR
VENELAGET OLAV H. NAUGE.
STIFTA 1999

Juni 2024



Omslag teikna av Kristian Krogh-Sørensen

Layout og produksjon: Make!Graphics AS, avd. Bergen

INNHALD

Leiar av Ågot Gammersvik	4
Ein ting-diktar om Olav H. Hauge av Alf Gunnar Eritslund	5
Ei kronotopisk lesing av Olav H. Hauge Dagbok 1924–1994 av Øystein Hide	7
Nobelprisvinnarar i boksamlinga til Hauge av Jorid Lekve Eide	11
Olav og Emily av Elisabet Vallevik Engelstad	13
Å nærme seg Hauge av Arne Apold	20
Konserten Under bergfall av Lajla Buer Storli	22
Tema for poesifestivalen 2024 er diktsamlinga «På ørnetuva» av Olav H. Hauge av Jorid Lekve Eide	24
Bokmelding av Den tredje mannen av Steinar I. Bergo av Guri Hjeltnes	27
Kort om skribentane i dette heftet	30
Styret i Venelaget	31

Så er vi klare med eit nytt Venelagshefte for Olav H. Hauge. Denne gongen presenterer styret ny framside på medlemsbladet, og satsar på eit løft med bruk av fargar. Omslaget er teikna av Kristian Krogh-Sørensen, som er norsk journalist og teikneserieskapar av teikneserieromamane om «Gulosten». Han skulle såleis vera kjend for mange.

Vi vonar medlemmene vil setja pris på denne fornyinga, og er takksame for tilbakemeldingar.

I dette Venelagsheftet vil du finna mange interessante artiklar. Mellom anna finn du Øystein Hide omtala si doktoravhandling om Olav H. Hauge sine dagbøker 1924-1994. Hide presenterer eit spanande perspektiv både på skrivning og lesing av dagbøker.

Elisabeth Vallevik Engelstad skriv om Olav H. Hauge si begeistring for Emily Dickinson, som han rekna for å vera den beste dikteren av alle. Du finn også omtale av boksamlinga etter Olav H. Hauge, skriven av leiaren på Haugesenteret Jorid Lekve Eide.

I 2024 har vi mange jubileum å feira. På Moster feirar vi 1000 år med Kristenretten. På Bergenhus sat Magnus Lagabøte i 1274 med ferdig Landslov, som vart vedteken av både kyrkje og stat for 750 år sidan. Dette vert markert over heile landet med utstillingar og konsertar. Det er nyttig med jubileum for å få fram kunnskap som kan vera lenge gøymt og gløymt. Slike markeringar gjev oss også gjer-

ne ny forskning om tema knytt til jubileet, og kan styrkja både kunnskap og fellesskap gjennom sams feiringar.

I 2024 er det også 30 år sidan Olav H. Hauge døydde. Han rakk å feira 85 års dagen sin med stor markering på Hardanger folkemuseum der mange fekk høve til å feira han. Diktaren frå Ulvik er sakna, og ingen kan fylla skoa hans. Men det har grodd godt i spora til Olav H. Hauge både i kunnskap, lyrikk, kunst og musikk. I 1999 var Venelaget skipa og 2014 vart Haugesenteret etablert, som til hausten feirer 10 års jubileum.

I år er det Poesifestival 13–15. september i Ulvik. Venelaget arrangerer, i samarbeid med Haugesenteret, ein konsert på Rossvoll laurdag 14. september kl 13.30. Her skal vi sitja ute i eplehagen og høyra konserten «Under bergfall» med Lajla Buer Storli, Berit Opheim, John Ole Morken og Irene Tillung. Verket er tinga spesielt for denne konserten på Rossvoll, med støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger og Folkeakademiet Hordaland.

Konserten gir deg høve til å oppleva Olav H. Hauge sine dikt tolka av fire av våre kjære folkemusikarar. Dei har med nokre kjende tonesettingar til Olav H. Hauge sine dikt, men har også laga nye komposisjonar til dikta. Alle musikanane har solid bakgrunn i folkemusikken, og det kjem nok til å prega konserten. Dette er noko å gleda seg til.

Under konserten vert det tildeling

av Amboltprisen. Venelaget Olav H. Hauge deler annakvart år ut Amboltprisen til ein person som har arbeidd for å gjera diktinga til Olav H. Hauge kjent. Prisen blir delt ut i samband med poesifestivalen i Ulvik.

Etter konserten vert det årsmøte for Venelaget Olav H. Hauge inne i heimen hans på Rossvoll. Innkalling til årsmøte laurdag 14. september kl. 15 med årsmøtesaker, årsmelding og rekneskap vert sendt medlemmene i løpet av sommaren og i samsvar med vedtektene.

Venelaget har «mista» nettsida vår, då firma som hadde hand om dette avslutta verksemda. Dermed har vi i lengre tid arbeidd for å finna

attende til all tidlegare innlagt informasjon, og freista få nettsida opp og stå. Noko har vi klart å nøsta opp, men mykje informasjon er gått tapt. Styret arbeider no med å skapa ei ny nettside saman med Voss Kommunikasjon AS. Med god hjelp vonar vi å vera tilgjengelege på nett i løpet av sommaren.

Vil få ynskja alle ein retteleg god sommar og vel møtt til Poesifestivalen i september!

Beste helsing

Ågot Gammersvik
styreleiar

EIN TING-DIKTAR OM OLAV H. HAUGE

av Alf Gunnar Eritsland

I 2020 kom det ut ei diktsamling av den kjende og prislønna amerikanske poeten *Jane Hirshfield*. Boka har tittelen *Ledger*. Dette er hennar åttande diktsamling medrekna debut-samlinga *Of Gravity and Angels* frå 1988. I 2022 gav Cappelen Damm ut eit bok med utvalde dikt frå hennar åtte bøker, *Å våkne i et dikt*. Omsettar er Camilla Groth.

Hirshfield har heile tida vore opp-tatt av å sjå tinga rundt oss med nye augo, gi dei ny overraskande omtale, sjå dei frå stadig nye perspektiv. Dette er ein poetikk som stemmer godt med den vi kjenner frå siste delen av forfattarskapen til Olav H. Hauge.

Denne slektskapen gjer det ikkje overraskande at Hirshfield i diktsamlinga *Ledger* har eit dikt nettopp om Hauge. Diktet heiter *I Ulvik*. Her får vi eit nært bilde av dikteren og fruktdyrkaren. Dikt-eget lever seg inn i Hauges kvardag, drøymmer om å vera som han, både diktar og frukt-dyrkar. Diktet blir på denne måten eit metatekst om å dikta, og samtidig ha eit jordnært yrke. Slik ho ofte gjer, legg Hirshfield inn ein overraskande vri på slutten. Her let ho dikteren («jeg») og fruktdyrkaren («meg») gå opp i en høgare einskap gjennom pronomenet vi. Ho let dei to tenkja om tinga, i dette tilfellet om eple og



Foto: Stig Tronvold, Samfoto.

tre, på ein måte som opnar for eksistensielle perspektiv, om einsemd og utskiljing, og ikkje minst om kor ulikt ting i verda kan sansast.

I Ulvik

av JANE HIRSHFIELD

*Han tilbrakte hele livet i Ulvik,
jobbet som gartner i sin egen frukthage.
(Om Olav H. Hauge)*

Jeg ville også likt å jobbe som gartner i min egen frukthage. Hver fredag ville jeg gitt meg selv en anstendig levelig lønn, i sammenleggbare sedler fra min egen lommebok, og noen ganger, om været var dårlig, ville jeg gitt meg selv en fridag, og takke meg selv for omtanken og svare meg selv, det var så lite, så lite, bare gå du legg deg litt nedpå, finn et varmt sted.

Og så ville jeg gått inn i huset mitt igjen og tenkt litt på omtanken min og lurt på om gartneren min også var varm nå, og om det var riktig av meg å gi meg fri fra å se til min egen frukthage, enda det kun var en kort stund, og begge ville kanskje tenke, også, på eplene, kalde og våte og hengende i vinden der ute feitet opp på deres egne trær, uten oss, og en av oss, først, så den andre, ville kanskje begynne å undre seg litt, mens vi puttet en tørr kubbe av epletre inn i ovnen, over ensomhet og adskilthet og hva det er som lever på utsiden av huden til én person og på innsiden av en annens.

EI KRONOTOPISK LESING AV OLAV H. HAUGE

DAGBOK 1924–1994

av Øystin Hide

I doktoravhandlinga mi går eg laus på den omfangsrike dagboka til Olav H. Hauge, nokre tusen sider skrivne i perioden 1924–1994, og spør meg kvifor Hauge egentlig skreiv denne dagboka og korleis me kan lesa henne. Sidan det skulle vera ei vitskapleg avhandling, låg det sjølvsagt litt meir i desse spørsmåla enn dei avslører sånn heilt i fyrste omgang.

Å «lesa» kan no vera så mangt sjølv i kvardagsleg mening, men akkurat her var dette med «lesing» eit heilt spesifikt poeng ut frå den fagretninga me i dag kallar for tekstvitenskap – eit slags moderne møtepunkt mellom idear og teoriar frå fag som filosofi, litteraturvitenskap, teologi og historie. Eg disputerte ved Universitetet i Oslo, der ein mellom dei som arbeider med tekstvitenskap, finn forskarar og professorar innanfor retorikk, sakprosa og lingvistikk. Ut av denne fagretninga og ut frå dette varierte miljøet, gjekk eg i dialog med ulike teoriar om tekst, kultur og kommunikasjon. Etter mange rundar kom eg fram til at Hauge si dagbok opnar seg på ein heil unik måte om me les henne som deltakar i ein sjølvkommuniserande tekstkultur med røter heilt tilbake til den romerske antikken.

Men kva betyr no det? Fyrst nokre ord om dette med tekst som kultur. Tekstkulturstudier står stadig meir



Foto: Harald Johansen

sentralt i moderne nordisk og europeisk tekstforsking, ikkje berre ved UiO. Når tekstar vert lesne som deltakarar i eller bidrag til tekstkulturar, vert desse forståtte som meningsberande kulturelle artefakter i dialog med andre tekstar. Noko av det som då vart mitt bidrag til slike studiar i mi avhandling, var å minna om den viktige rolla me som lesarar har i slike dialogar: Slik ein dagbokskrivar kan velja ut kva som skal vera med i ei dagbok, kan ein lesar velja perspektiv og tilnærming til teksten – og med det vera med å påverke korleis mening vert skapt og etablert.

No er sjølvsagt ikkje dette noko særleg nytt. Mange har lenge meint at det er råd å finna mening i ein tekst heilt uavhengig av det forfatta-

ren av teksten meinte burde vera der av mening. Ei ekstrem utgåve kom i 1967, då franskmannen Roland Barthes erklærte forfattere for død (sjølv sagt i overført og symbolsk tyding, ikledd forfina fransk form). Men i ei dagbok? Bør ikkje forfattere stå i særstilling her? Vel, det spørst kva ein meiner med dagbok. Det er her eg kjem inn og tek til med å vera vanskeleg, og prøver å bryta opp gamle og godt etablerte tankemønster.

Det fyrste grepet mitt er å lesa dagboka kronotopisk. Ein slik lesemodell ser etter meiningsberande rom eller stader i teksten heller enn å sjå han som eit oppslagsverk over eit liv skrive i kronologisk orden. Slik poengterer eg korleis Hauge i dagboka skriv seg fram i sitt tekstunivers etter eit fast mønster: Etter fyrst å slå fast og reflektere rundt korleis han har det, eller kva han har gjort eller lest, går han vidare til å søkja farmakon – ei slags forløyning av sannkjenning med terapeutisk og transcendentalt tilsnitt.

Dette med kronotopisk lesing fann eg hjå Mikhail Bakhtin. Han hadde eg hatt i tankane sidan eg skreiv hovudoppgåve om Ludwig Wittgenstein, fordi bror til Mikhail var god ven av Wittgenstein og inspirerte han til å utvikla sin teori om oversiktleg framstilling – ein måte å skriva filosofi i aforistisk stil der ein kan sjå familjelike koplingar mellom gode poeng, heller enn å forsvara ein påstand ut frå talrike argument. Farmakon (som tekstomgrep) er noko franskmannen Derrida fann hjå dei gamle grekarane, men eg la til ein god dose St. Augustin for at eg skulle halda meg til sjølvskrivning – som ei dagbok altså er eit døme på. Som Hauge, skreiv Augustin også fyrst og fremst til seg sjølv, men sjølv sagt berre som eit literært grep.

Med slike utgangspunktet i tekst- og kommunikasjonsteori, enda avhandlinga opp med å levera ei mangearta og omfattande drøfting av omgrep som skriftkultur, tekstkultur, og sjølvkunnskap. I tillegg til dagboka etter Hauge, las eg tekstar av Marcus Aurelius, St. Augustin, Ralph Waldo Emerson og Henry David Thoreau, og tydeleggjorde korleis alle desse står i ein sjølvkommunisierende tekstkultur.

Omgrepa dagbok og tekstkultur forstår eg i dialog med kvar-



Foto: Samlaget



andre ut frå ein distinksjon mellom to diskursformer innanfor dagboksjangeren som eg gav namna *diarium* og *journal*. Diarium er ei diskursform der noko vert stadfesta, i ei taleform som er fri for refleksjon. Journal er på si side ei refleksjonsladd diskursform. I dagboka slår Hauge fyrst fast, i diariumform, korleis han har det, kva han har gjort eller lese, eller korleis stoda er rundt han. Vidare reflekterer han, i journalform, rundt dette. Deretter skriv Hauge desse to formene saman i ei metodisk tilnærming med transcendentalt (overskridande) siktemål – både å oppnå sjølvkunnskap og å enda opp med meiningsladde eller meiningsmetta symbol til bruk innanfor til dømes den lyriske sjangeren. Det er altså dette avhandlinga karakteriserer som å søkja farmakon (ei slags forløyning av eitt eller anna

slag). Me opplever at dikta til Hauge løyser opp noko, løftar opp.

I avhandlinga viser eg korleis både det teoretiske grunnlaget eg nyttar i mi lesing av dagboka, og dei tekstane Olav H. Hauge sjølv kommuniserer med i dagboka, vert aktørar innanfor meiningssskapande aktivitet, eller det som innanfor kultursemiotikken vert kalla for semiotisk mediering. Dette vert teoretisk og kanskje langt forbi det mange vil ha med seg vidare når dei les eller vil lesa ei dagbok. Likevel er det slike ting ein får når ein vil lesa ei dagbok som ein tekst skriven i ein kultur, og vidare ein tekst som kommuniserer ein intensjon om å oppnå sjølvkunnskap. For det er vel det som slår ein mest når ein les dagboka. Hauge vil forstå seg sjølv, han vil forstå livet sitt, og han vil forstå korleis han skal kunna forstå livet sitt. Om ein vil det på alvor, i livet sitt, eller om ein berre skriv om det, vert kanskje to sider av same sak.

Men å skriva slik, særleg med seg sjølv som adressat, har uansett ein lang tradisjon med mange røter. Innanfor den romersk-filosofiske tradisjonen kan sjølvkunnskap visa seg på to måtar: Marcus Aurelius var oppteken av at sjølvkunnskap er noko epistemologisk, altså eit spørsmål om kva det er råd å vita om seg sjølv. St. Augustin var på si side oppteken av det terapeutiske, altså i kva grad det å vita noko om seg sjølv, kan ha ein slags forløyande verknad. Hauge utviklar altså ein diskurs som tek begge desse opp i seg, gjennom dei to nemnde diskursformene diarium

og journal – som då er mine omgrep for det eg meiner utgjer Hauge sin skrivemåte.

Held ein seg innanfor teorien, har denne metoden vidare eit retorisk-kommunikativt aspekt. Stadfestingar av noko i diariumform fungerer som retoriske situasjoner: Dei er utgangspunkt som han ut frå situeringa må arbeida vidare med. Drøftingane av kvifor og korleis han gjer dette, er då det som vert det sentrale forskingsbidraget i denne avhandlinga, og det som gjer henne til ei doktoravhandling. Det tok litt tid før eg fann ut av dette, men no i ettertid ser det liksom så logisk ut.

No er det sjølvsgt slik at Hauge er selektiv i representasjonen av dei hendingane han har opplevd i løpet av ein dag eller ein lengre periode. Om han plukkar eple og les Emerson ein dag og så skriv om det, er det eitt perspektiv på sin eigen dag han legg frem i teksten. Han har sjølvsgt opplevd meir. Men det er ikkje den totale livsopplevinga til Hauge me møter i dagbokteksten, det er representasjonar av filtrerte hendingar som er gjevne ei litterær form og eit narrativ. Om me gløymer at ein dagboktekst er eit narrativ, er det mykje i denne kommunikasjonsforma me går glipp av. Me ser i så fall for oss at å lesa ein dagboktekst er som å sjå, vera vitne til, det levde livet til dagbokforfattaren, eller å høyra dagbokforfattaren fortelja om livet og kunna ta del i ein samtale om det i form av den meininga me sjølv legg inn i det livet me høyrer

om. Men dette er ikkje å lesa tekst. I tekstlesinga høyrer *ikkje* forfattaren våre stemmer eller den meininga me legg til det me les. Resultatet av dette møtet mellom skrivne ord, filtrerte og utvalde representasjonar av eit levd liv, og våre meiningsdanningar av dette utgangspunktet, er det som vert skapt av meining. Og det er på denne måten at mi lesing er kronotopisk retta, med andre ord retta mot å finna stader (topoi) der me som lesarar kan sjå at teksten inneheld repeterande område forankra i identiske eller i alle fall samanfallande sjølvkommuniserande tilnærmingar.

Problemstillinga for denne avhandlinga er, som nemnd, formulert som eit spørsmål med to ledd: Kvifor og korleis skreiv Olav H. Hauge dagbok? Her er det altså ikkje noko mål å finna eitt eller fleire svar ut frå noko Hauge liksom avslører ein eller annan stad i dagboka, men heller å sjå heile dagboka ut frå det ho representerer for Hauge sjølv – og for oss lesarar – som deltakarar i eit tekstunivers av sjølvkommunikasjon. I avhandlinga slår eg altså fleire slag for lesaren. Eg meiner at lesaren er ein forståingsnøkkel til korleis tekstkulturar vert kulturar. Her bidreg lesaren i like stor grad som tekstane. Som lesar nyrealiserer eg sjølv Hauge sin tekst ved å lesa han som bidrag til ein sjølvkommuniserande tekstkultur, og ikkje som ei kronologisk framstilling av eit levd liv.

NOBELRISVINNARAR I BOKSAMLINGA TIL HAUGE

av Jorid Lekve Eide

Om ein tek nobelprisvinnarbrillene på, og ser i boksamlinga til Olav H. Hauge, finn ein ei fin rekkje forfattarar:

Johannes V. Jensen
Bjørnstjerne Bjørnson
Samuel Beckett
Elias Canetti
Knut Hamsun
William Faulkner
Sigrid Undset
Selma Lagerlöf
William Butler Yeats (W.B Yeates)
T.S Elliot

og

Jon Fosse!

Eg har ikkje plass å svinga innom alle her, så eg vil kasta litt ljøs på to irar og ein harding.

Hauge hadde fleire Samuel Beckett bøker i samlinga si. I boka *Watt, noveller, tekster* finn ein eit avisutklipp frå Dagbladet, 13. april 1976. Avisutklippet er ein tekst av Bjørn Endreson i høve Beckett sin 70-års dag. Nokre år tidlegare, i 1968, skriv


Hauge dette om Beckett, i dagboka, under overskrifta:

HOVUDTEMA FOR DAGENS LITTERATUR;

Elende, livsens meningsløyse, tomleik, liding, død. Dette handlar dagens bøker um. Kvifor ikkje gå til meistaren her? Til Samuel Beckett? Held ein fast på hans visjon, kan ein spare seg lesnaden av mange andre som prøver visa det same. Han, som har vigt sitt liv til å visa oss botnen i menneske.

W. B Yeats har ei fin bokrekke i boksamlinga, og er eit namn som også dukkar opp mange stader i dagboka. Hauge gjendikta fleire Yeats dikt, og tre av dei finn me i *Dikt i umsetjing* (1982). Eit av dikta her er *Langbeint mygg* (*Long-legged Fly*). I 1966 skriv Hauge om arbeidet med nett dette diktet:

Gjorde freistnad med «Long-legged Fly» av Yeats her ein dag. Var sjølv-



sagt fornøgd, reinskreiv det, og var i ferd med å senda det til forlaget.


No, eg gjorde ikkje det, som vel var. Nei, det er ikkje so lett gjort. Eg kom til å sjå Boysons umdiktning no etterpå, og ser at eg lyt ta det litt ålvorlegare.

Han har gjort det fint, men diktet er vorte for anemisk og tamt, han skal pussa og forfina det han set um. Yeats var ikkje redd for kvardagslege ord, slett ikkje! Ein kan forråa eit dikt, men ein kan og ta blodvarmen or det med bleike ord, det er ei fallgruve her.

Frå to irske poetar til heim, Hardanger og Jon Fosse.

I boksamlinga finn me både romanar og diktsamlingar av Fosse. Dei fleste signert med helsing, til Olav og Bodil. Romanen *Naustet*, frå 1989, er signert med helsing frå Bergen, same året. To år seinare, i 1991 kom Jon Fosse på besøk til Rossvoll. Det var ikkje fyrste gong, men denne gonga med journalist Frode Grytten og fotograf Odd Nærbø frå Bergens Tidende. Som Hauge skriv i dagboka: «dei skulde ha ein samtale med meg». I dagboka kan me lesa:

I går kom tri karar frå BT. Frode Grytten, journalist i bladet, Odd Nærbø, fotograf i bladet; med seg hadde dei Jon Fosse. Desse skulde då ha ein samtale med meg. Det var meldt regn yver Vestlandet, men i Ulvik var det opphaldsvêr. Odd Nærbø har vore her fyrr eit par gonger, i lag med Reidar Storås. Og Fosse har òg vore her. – Ja, ja, me gav oss god tid, drakk kaffi, åt, eg prata um ymist; det vart



Jon Fosse og eg som snakka mest, Grytten kom med eit spørsmål no og då, – for å beinka oss på rett leid. Fosse er elles ikkje nokon stor pratmakar, han er av desse unge som held seg «burtanum ordet», for å fanga litt av det som ikkje kan segjast med ord.

I Fosse si nobeltale i desember i år vart Hauge nemd to gonger. Det er liten tvil om at diktaren frå Ulvik har vore viktig for diktaren Fosse. I det same intervjuet frå Rossvoll, i 1991, seier nobelprisvinnar Fosse dette om Hauge: *Eg har lært av deg at ein kan skrive om det enkle og nære. At det heilt enkle og kvardagslege har ein intensitet og eit lys. Det var stort å sjå korleis du i dikta brukte ein Hardanger-kultur som eg kjente til, som eg hadde vakse opp i. Stor poesi blei nær på ein måte.*

OLAV OG EMILY

av Elisabet Vallevik Engelstad



The soul unto itself
Is an imperial friend, -
Or the most agonizing spy
An enemy could send.

Emily Dickinson
(*Dagbok II*, s. 118, 1960)

Olav H. Hauge var ein vel-lesen mann, det er dagbøkene hans eit handfast prov på. Han har der talause referansar til andre diktarar som han set høgt, dei fleste naturleg nok menn, etter som dei utgjer det store fleirtalet i den litterære saga. Men der finst og mange inngangar til ei rekkje kvinnelege lyrikarar. Ei av desse, den amerikanske poeten Emily Dickinson (1830–1886), skil seg klart ut ved talet på referansar over ei lang tid. Frå den 1. juli 1932, då han for første gong skriv namnet

hennar i dagboka si, 23 år gamal, og til han nemner henne for siste gong den 16. januar 1994, har det nesten gått 72 år. Kva kan det vera med denne diktaren som gjorde at Hauge stadig vende attende til henne? Kva kan det vera med dikta til denne einslege kvinna som levde sitt 56-årige liv i eit land så langt borte, i ei anna tid og i eit samfunn så ulikt hans eige?

Sjølv om Olav H. Hauge voks opp og levde største delen av livet i ei tid med klare kjønnsroller og ulike forventingar til kvinner og menn, og sjølv om det skulle gå mange år før han knytte varige band til ei kvinne i sitt jordiske tilvære, er det ingen ting som tyder på at han hadde ei gamaldags og fordomsfull haldning til det andre kjønn. Tvert om, han fann seg vel til rette mellom kvinner og tykte godt om dei, og dei såg ut til å lika han òg: «Stå høgt hjå damone. Då eg no kom til Bergen sundag kveld, var der ikkje minder enn fire damor som baud meg hus for natti.» (*Dagbok III*, s. 420, 16. april 1969) Og 2. nyårsdag 1971: «Det har vorte mykje brevskrivning i året som gjekk! Serleg til damor. Dei er det gildast å skriva til òg. Merkeleg med det. Dei er gildast å snakka med òg. At eg ikkje skulde visst det fyrr!» (*Dagbok III*, s.645, 2. januar 1971)

Men i sitt litterære liv hadde han visst det lenge. Berre 23 år gamal, skriv han dette om Emily Dickinson: «Til slutt vil eg nemna Emily Dickin-

son som kann henda er den einaste diktar av Guds nåde millom desse», («desse» er nokre få diktarar i den «gråe massen av rimsmedar» som han dømer nord og ned etter nett å ha lese «ein samling med dikt av moderne amerikanske lyrikarar»). Han siterer Dickinsons dikt «Suspense»:

Elysium is as far as to
What fortitude the soul contains,
The very nearest room,
That it can so endure
If in that room a friend await
The accent of a coming foot,
Felicity or doom.
The opening of a door.

(*Dagbok I*, s.147, 1. juli 1932)

Og han er trufast. 40 år seinare, og med bakgrunn i sin store kjennskap til diktarane i verdslitteraturen, skriv han: «EMILY DICKINSON Av alle diktarar eg har lese, har eg vel lika Emily Dickinson best.» (*Dagbok IV*, s. 72, 2. desember 1972)

Så er det heller ingen annan kvinneleg lyrikar Olav H. Hauge kjem så ofte og så utførleg attende til som Emily Dickinson. Frå Hauge for første gong nemner Emily Dickinson i dagboka si i 1932, kjem han attende til henne om lag hundre gonger gjennom dei neste vel sytti åra, oftast i dei første femti. I tillegg til to norske diktarkollegaer – hans samtidige ven Haldis Moren Vesaas og den yngre Eldrid Lunden – gir han òg mykje merksemd til den finlandssvenske poeten Edith Södergran (1892–1923) og til engelske Emily Brontë (1818–

1848), den siste både som romanforfattar og lyrikar. Rett som det er nevner han dei to sistnemnde saman med Dickinson, som her: «Så fåe har denne ville loge, denne store vilje, som gjer eg skynar dei. Det må vera Emily Brontë, Emily Dickinson, Edith Södergran, Nygard, Hölderlin, Wergeland.» (*Dagbok II*, s. 243, 28. september 1961)

Det er noko gåtefullt over Emily Dickinson. Ho var fødd inn i ein framståande akademisk familie i Amherst, Massachusetts i 1830, og fekk god utdanning, til kvinne å vera, til ho var atten år. Ho seiest å ha vore ei livleg og frimodig ung jente. Men ho levde i ei tid med tydelege grenser for korleis ei kvinne skulle framstå og kva ei kvinne kunne gjera. Ho trekte seg etter kvart meir og meir attende, inn i seg sjølv, vart buande i foreldrehuset heile livet, i eit slags sjølvpålagt eksil i husets andre etasje. Men ho tok hand om det praktiske arbeidet i familien – slik som hagearbeid og brødbaking – og ho tok seg av den slagamma mor si dei siste sju åra mora levde. Få visste at ho skreiv dikt, og ingen visste kor mange, før etter at ho var død. Om lag 1800 dikt. Dei få dikta som kom ut medan ho levde vart sterkt korrigererte av utgjeveren, det galdt òg dikta som kom ut posthumt, etter at syster hennar fann dei i ei kiste på loftet. Først i 1955 kom det ut ei samling av dikta hennar slik ho sjølv hadde skrive dei. I tillegg til at Emily Dickinson levde livet sitt på ein heilt uvanleg måte var ho ein svært original diktar i si samtid,

både når det gjeld form og innhald i dikta. Ho såg bort frå konvensjonane i diktekunsten, og var langt føre si tid. I dag blir ho rekna som ein banebrytar for modernismen, og som ein av Amerikas største poetar.

I dei mange inngangane Hauge har til Emily Dickinson i dagbøkene held han henne fram som ein av dei største diktarane han veit om. Dessutan har han stor sans og skjønsemd for korleis ho levde livet sitt her på jorda, eit einsamt og tilbaketrekt liv, slik han også sjølv levde dei fleste åra av livet sitt. Han synest å kjenna ein nær slektskap med Emily Dickinson, eller Emily, slik han ofte kallar henne, både som menneske og som diktar. Dei er på førenamn, dei to!

Gjennom Emily Dickinsons lyrikk finn han ein sjelefrende, der han kjenner att sin eigen dualisme. På den eine sida tilknytinga til det nære og jordnære, og på den andre sida dragnaden mot det sublime, det ekstatiske. Eit menneske kan romma båe sider, og båe sider må vel gjevast rom om det skal bli likevekt. Gjennom Dickinsons lyrikk opplever han at det finst andre her på jorda som har (hatt) det slik som han! Ein vakker septemberdag, etter å ha arbeidt med eplehausten, skriv han: «Ingen var meir jordnær enn Emily Dickinson, ho såg so grant, so forklåra, kvar minste ting. Endå ho var ekstatikar. Eit heilagt liv, det er forresten ikkje ordet

Eg trur eg skynar henne! But the moments are so few, will too week.» (Dagbok II, s. 703, 24. september 1965)

Femten år tidlegare var det den «ekstatiske» sida ved Emily, og også ved andre diktarar, han la mest vekt på: «UM DIKTAREN Alltid burtrykte, alltid i ekstase, aldri som oss, aldri kvardagslege, aldri prosaiske er dei diktarane me held mest av. Ein Wer-geland, ei Emily Dickinson, ein Ny-gard, alltid i gløding, alltid i feber, i offer for sitt. Det er deira stordom og deira løyndom.» (Dagbok I, s. 263, desember 1950)

Sju år seinare, i 1972, er det den nære og kvardagslege tonen hjå Emily Dickinson han rettar merksemda mot. Her kjem ho framom sjølvaste William Blake, elles ein av dei diktarane han tykkjer aller mest om: «Blake skreiv herleg um 'Eternity'.

Emily: 'He joins me in my ramble,
Divides abode with me,
No friend have I that so
persists
As this Eternity.'

Det var betre, og meir kvardagsleg!» (Dagbok IV, s.72, 2. desember 1972)

Av og til kan berre det å tenkja på Emily vera til trøyst i kvardagslaget: «Fæl hovudverk. Gikt. Nei, eg lyt vera varsam med den hovudverken. Elles vert eg ufør til å lesa og skriva att, slik som eg mykje godt var i mange Herrens år. Elles – kva skulde eg gjera um eg ikkje hadde bøkene å gå til? 'Unto my books so good to turn Far ends of tired days', segjer Emily Dickinson; ho visste å verdsetja den vesle boksamlingi si. Og talar um 'kinsmen of the shelf'.» (Dagbok II, s. 122, 20. mai 1960)

Emily kan til tider verka som eit førebilete som menneske, som eit ideal, for Olav. Han kan vera svært sjølvkritisk, gå i rette med seg sjølv som forfengeleg, glad i ros og redd for kritikk når dikta hans kjem ut, som til dømes etter utgjevinga av *Under bergfallet* i 1951: «UNDER BERGFALLET Fekk boki frå forlaget i dag. Ei liti bok. Med eit magert innhald. Eg er ikkje nøgd, men skamfull og full av trege. Svik. Det er ikkje noko godt hjarta som har skrive boki, men eit ovmodigt eit, eit som vart stolt og hardt av det vellæte *Glør i oska* fekk. Eg ynskjer mykje ho var ugjord. Og berre skam fær eg av eit slik arbeid. Byrja lyda etter meldingar og mæle. Nei, slikt gjeng ikkje. Fåfengd.» (*Dagbok I*, s. 288, 2. november 1951) Då heller gjera som Emily. Ikkje skriva for andre, men for seg sjølv. «KRITIKK Sæl var Emily Dickinson som aldri gjekk til forlag med dikti sine, ho hadde fred i hjarta, og kunde tenkje på nye dikt og ikkje på kritikken. Fåe er so sterke og sjølvstendige at dei toler kritikkar! Fær dei god kritikk, vert dei ovmodige; fær dei dårleg kritikk, vert dei modlause.» (*Dagbok I*, s. 288, 5. oktober 1951) Dette er tankar han er inne på fleire gonger. 1948: «EMILY DICKINSON Skriv du for andre, fær det du skriv lett eit vanleg lag. Emily Dickinson skreiv for seg sjølv og vann. Gleda over å skapa var henne hugnad nok, ho trong ikkje den fåfengde gleda som fylgjer med å syna arbeidet sitt til andre. Hadde ho skrive for tidi, hadde hennar verk snaudt vorte det

det er. Herlege Emily! størst av skaldar!» (*Dagbok I*, s. 255, oktober 1948) 1960: «Nei, Emily Dickinson visste nok kva ho gjorde når lo læste dikti sine ned i kista. Ho hadde fred og fekk gjort noko kvar dag.» (*Dagbok II*, s. 204, 13. desember 1960) Desse tankane kling òg med i «Eg har tri dikt» (*Dropar i austavind*, 1966).

Eg har tri dikt,
 sa han.
 Seg telja dikti.
 Emily kasta dei
 i ei kiste, eg
 kan ikkje tru ho talde dei,
 ho sprette berre ein tepakke
 og skreiv eit nytt.
 Det var rett. Eit godt dikt
 skal lukta av te.
 Eller av rå mold og nykløyvd ved.

At Olav H. Hauge kjende ein nær slektskap med mennesket og lyrikaren Emily Dickinson kjem klårt fram. Gjennom dikta hennar kjende han seg att i måten ho levde livet sitt på. I einsemd. Nær det jordiske, og på same tid vend mot det åndelege. Men bortsett frå denne samkjensla, kva var det som gjorde dikta hennar til gode dikt, for han? Seier han noko om det? Kan det vera eit ulukkeleg liv? Han stiller sjølv spørsmålet slik: «KVI-FOR? Kvifordiktardei ulukkelegebest? Ja, det kan ein spyrja um. Ta Emily Dickinson, Emily Brontë, Anette von Droste-Hülshoff, Edith Södergran, - har nokon sunge betre enn dei? Like alle; ugifte, visste ikkje kva kroppslig kjærleik var, likevel song dei. Ja, mange mannfolk har òg dikta og

skrive godt utan å ha vore serlege lukkelege, korkje i kjærleik eller i livet elles.» (*Dagbok IV*, s. 97, 27. mars 1973) Men fem år seinare, og med meir avstand til sitt eige einslege liv, avviser han at Emily Dickinson hadde eit ulukkeleg liv: «EMILY DICKINSON Er ikkje lett å forstå at Inger Hagerup har skrive so skammeleg um henne. Nett som ho synest synd på henne. Synd på Emily Dickinson! Eit so rikt liv som ho levde! Ein lyt synast synd på Munch òg då. Nei, synest heller synd på seg sjølve. Emily Dickinsons liv var ikkje tragisk, det var herleg! Eit liv i skaping og erkjenning. Lat meg òg segja: Eg synest det er vondt å høyra umsetjingar av E.D. Tonen vantar! Det er ikkje henne!» (*Dagbok IV*, s. 422, 23. januar 1978)

Svaret er altså ikke å finna i dikta-rens biografi. Kan det då vera noko med sjølve forma, med formspråket, som gjer Emily Dickinsons dikt til så stor dikting for Hauge?

Emily Dickinson blir, som tidlegare nemnt, sett på som ein banebrytar for modernismen. Hauge reknast for å tilhøyra både den romantiske og den modernistiske tradisjonen – dei modernistiske draga i diktinga hans blir sterkare etter som åra går. Den første diktsamlinga hans, *Glør i oska* (1946), kjem stort sett i eit tradisjonelt formspråk. Men alt i 1944, når han reflekterer over kva det er som gjer eit vers til eit godt dikt, seier han noko viktig som peikar framover, når han held fram at rimet berre er ein av dei mange eigenskapane til dik-

tet, ordet kan vera vel så viktig. Og han viser nettopp til Emily Dickinson: «UM GODE VERS Rim er berre ein av dei mange eigenskapane til eit dikt, kanskje ikkje so viktug heller. Det er betre å ofra eit rim enn eit uttrykksfullt, råkande ord, for det rette ord er viktugare enn det rette rim. Ordet stend for tanken, rimet berre for velljodet i verset. Emily Dickinson er eit godt døme på dette.» (*Dagbok I*, s. 203, 1944)

Når Hauge i 1951 kjem attende til formspørsmålet tenkjer han at Emily Dickinsona hadde si eiga form, som var klar til å ta imot «hugskot og innfall». «Og alltid ny og frisk verkar ho. Å skifta form for kvart dikt er på ein måte energitap for lyrikaren.» (*Dagbok I*, s. 272, april 1951) I 1965, året før *Dropar i austavind*, utdjupar han dette synspunktet: «Emily Dickinson bruka enkle former, uppatt og uppatt. Men sjå korleis ho kunde variera og nytta dei ut! Formi, enda ho var den same, vart ny og onnorleis i kvart dikt, ja i kvar strofe!» (*Dagbok II*, s. 713, 2/10 (11?)–1965)

Det synest å vera semje om at det er med *Dropar i austavind* (1966) at Hauge for alvor skriv seg inn i den modernistiske tradisjonen, men likevel utan heilt å gi slepp på tradisjonelle diktformer, slik som sonetten. Det er i denne samlinga vi finn det underfundige og sjølvironiske «Gamal diktar prøver seg som modernist». Tittelen på samlinga har vorte halden for å visa til austleg inspirasjon – japansk haikudikting og kinesisk lyrikk i zen-buddhistisk tradisjon – og der-

med teken som prov på at den austlege påverknaden var svært viktig for Hauges modernisme. Med omsyn til tittelen er dette ein påstand Hauge sjølv avsannar, og seier at tittelen kjem frå «ein gamal seiemåte her». (Sjå Åmås ss. 325 og 647) Kanskje ikkje alle lenger skjønar kva som ligg i denne gamle seiemåten? I diktarens heimbygd er det slik at regn og vind helst dreg seg til frå vest, og eit slikt vestavér kan ofte bli til eit langvarig silregn! Er det eit austleg vérlag, derimot, kan vinden koma brått og sterkt og vera heller kortvarig – dei gamle snakka gjerne om «austavindsflager». Med ei slik austavindsflage fylgde det gjerne nokre regndropar òg – «dropar i austavind»!

Men Hauge hadde òg i tidlegare diktsamlingar «prøvd seg» innan modernismen. Serleg utgjer *På ørnetuva* (1961) eit tydeleg brot med den romantiske tradisjonen han utgjekk frå. Denne litt lange «frigjeringsprosessen», om den kan kallast slik, har tvillaust kome til ut frå mange påverknader og årsaker.

I 1965 skriv Hauge: «SAMANBROT AV VERSELÆRA Det som gjer at rytmen saknast eller berre er veik og stykkevis i våre vers, kjem delvis av at stemningen er bannlyst. Men nett stemningen er rytmeskapande og rytmeberande. HALD DEG TIL SAK, IKKJE PERSON Verselæra er greid nok, ho gjev lover kor vers og strofe skal vera. Men ho gjev ikkje reglar for undantak, dei fær du sjølv avgjera.» Han held fram at sjarmen med

Vinje sine vers nettopp er at dei er fulle av synder mot verselæra, og at både Blake og Emily Dickinson var «skrøpelege versemakerar». «Eg ser ikkje på broti eg har gjort som brot. Men som stilmiddel. Skandering og leserytme er tvo ulike ting. Skanderingi, metriske versemålet er det espalieret rosor, diktet, stør seg til.» Han tek opp att at verselæra gjev hovudreglane, men at brot på reglane må til, om verset skal verta levande. (*Dagbok II*, s. 632, 2. påskedag 1965) I det heile framfører Hauge her, denne 2. påskedagen i 1965 – over det som skal bli ei heil side i den framtidige trykte utgåva av dagboka – eit poetisk credo, eit forsvar for poetens rang over verselæra, slik han meiner ikkje minst Emily Dickinson er eit godt døme på. Då *Dropar i austavind* kom ut året etter, hadde Hauge i meir enn tretti år vore sterkt oppteken av Emily Dickinsons dikting, og kome med mange lovord om dikta og diktinga hennar. Som den vegvisaren ho vart for modernismen, er det kanskje ikkje så urimeleg å rekna henne som ei gudmor, i alle fall, for modernisten Olav H. Hauge. «Eg har tri dikt», som nettopp kjem med *Dropar i austavind*, kan slik kanskje oppfattast som ei form for hommage til Emily Dickinson, både i innhald og i form?

I 1972 får Hauge boka *This was a poet* i gåve, og skriv: «Det er ein biografi – um Emily Dickinson. Ei finare bok kunde eg ikkje fenge, ho fyller ut Anderson som eg har fyrr.

Dette var diktar! Det er sant. Berre hennar liv og myte er eit dikt. Og ho visste ikkje kva ho var verd, påstår Whicher. Ver viss, ho visste! Tonen i dikti hennar segjer oss det, denne dama visste kva ho gjorde, og visste kva dikti hennar var verde. – Godt òg å sjå at ho elska Emily Brontë alt frå ungdomen. Slekt!» (*Dagbok IV*, s. 68, 11. november 1972)

Det som her er skrive om Olav H. Hauge og Emily Dickinson, må ikkje få oss til å tru at Hauge ikkje skifta syn på mangt og mykje gjennom eit langt liv. Sjelvsagt gjorde han det, det er det lett å finna døme på når du skriv dagbok i 70 år. Men haldninga til Emily står fast i alle dei 62 åra han

kjem attende til henne. Emily Dickinson må ha vore ein sers viktig person for Olav H. Hauge, både i livet han levde og for dikta han skreiv.

Litteratur:

Hauge, Olav H: *Dikt i samling*, Samlaget 1993

Hauge, Olav H: *Dagbok 1924-1994*, Samlaget 2000

Åmås, Knut Olav: *Mitt liv var draum*, Samlaget 2004

Emily Dickinson: *Samlede dikt 1*, Bokvennen 2008

The Selected Poems of Emily Dickinson, Wordsworth Poetry Library, 1994

LAGSPENGAR FOR 2024

Vi minner om lagspengar kr. 250,- for
Venelaget Olav H. Hauge

Betal til kto. 3450.30.01960 ved kasserer
Anders Opheim, Hjeltnesveien 109, 5730 Ulvik
eller VIPPS til #586853

Hugs namn, adresse og e-post.
E-post til Venelaget kan sendast til leiaren
aagot.gammersvik@gmail.com

Å NÆRME SEG HAUGE

av Arne Apold




Foto: Privat

Ulvik på 1960-talet. Bygda har både postkontor og ein bokhandel. Olav H. Hauge gjev ut nye diktsamlingar med fem års mellomrom. Bokhandlaren klipper ut avismeldingar og heng opp. Vi som var unge den gongen var oftast innom bokhaldaren for å kjøpe blekkpatroner til fyllepennen – og kanskje eit teikneseriehefte. Stundom møtest vi på Betel om kveldane, det er det nærmaste vi kom ein ungdomsklubb. Ein gong er Olav H. Hauge der, og les. Han spør om det er nokon av oss som er interessert i dikt. Ingen rekk opp handa, det eg hugsar. Ei tid etter det att, eit av dei siste åra på ungdomsskulen, er det nokre i klassen som byrja besøke han, kanskje finn dei noko i dikta hans. Eg var med sjølv ein gong, men hugsar ikkje stort av kva som vart sagt i møtet mellom Hauge og oss. I 1972 er Hauge på

vise- og lyrikkfestival i Haugesund, i ettertid kjem det ei plate. Ein kamerat har den. Vi høyrer Hauge lese egne dikt. I dag ligg opplesinga frå festivalen som eit klipp på YouTube, søk på «Hauge Haugesund 1972». Eit ungdommeleg publikum synest å ha sans for ein underfundig humor i dikt han les. Diktaren sjølv smiler.

Eg les boka med brev mellom Hauge og Bodil Cappelen, har lese utdrag av dagboka han etterlet seg. Attende i Ulvik til eit skulejubileum ein gong på 2000-talet tek eg turen bortom haldeplassen der vi i unge år stod og venta på skuleskyss heim. Eg les diktet «Ogmund rid heim», det var dette diktaren sjølv valde til bautaen bygda reiste over han. Seinare på kvelden skal ei frå klassen på ungdomsskulen fortelje at ho ein gong hadde ein intervjuavtale med han, i samband med ei skuleoppgåve. Men ho våga seg ikkje til når det kom til stykket, kanskje var respekten for stor. Ho har angra i alle år etter, seier ho. Ein barndomskamerat fortel at han alltid er glad om han kan smette nokre ord frå Hauge inn når han skal snakke til ei forsamling. Sjølv held eg hus på ein støl sommarsdagen. Ein dag får eg spørsmål om eg kan køyre nokon ned til riksvegen, ei jente har vrikka ein fot. Vel nede vil dei betale. Eg spør om dei kjenner Olav H. Hauge sitt dikt om Osamannen.

GJER EIN ANNAN MANN EI BEINE

Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øyvindstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal.
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.
Så gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

Frå Seint rodnar skog i djuvet. 1956

KONSERTEN UNDER BERGFALL

av Lajla Buer Storli

Ein konsert med John Ole Morken, Berit Opheim, Irene Tillung og Lajla Storli. Her får du oppleve Olav H. Hauge sine dikt tolka av fire av våre kjære folkemusikarar. Dei har teke med seg nokre av Per Indrehus sine tonesettingar til Olav H. Hauge sine dikt, men og freista å komponere nye tonar til dikta. Kanskje ein kan få høyre lyden av eit dikt? Eller kva skjer når ein framfører dikta som folkesongar? Mykje kan skje når desse allsidige musikarane møtes for å tolke dikta til Olav H. Hauge.

Alle musikarane har solid bakgrunn i folkemusikken, noko konserten ber preg av. Eit variert uttrykk med trekkspel, hardingfele, gitar, fele og song.

John Ole Morken:

Felespelaren John Ole Morken kjem frå Ålen i Trøndelag, og kan reknast som ein av dei fremste frå sin region. Han trakterer både hardingfele, fele og gitar, og for mange er stemma hans kjent frå NRK P2 og folke-musikk-timen. Han har motteke Statens kunstnerlønn og har fleire kritikerroste plateutgjevingar bak seg.

Berit Opheim:

Berit Opheim er ein av våre mest akta folkesongarar. Med ei nyfiken haldning til musikk har ho stadig funne nye uttrykk, mellom annan i tidlegmusikk, middelaldermusikk, samtidsmusikk og improvisert musikk. Den musikalske allsidigheita

hennar har vunne mange lyttarskarar på tvers av sjangrane, og ho leikar seg stadig i krysningsfeltet mellom dei. Opheim byrja karriera på slutten av 1980-talet, og er kjend for si konsentrerte formidling, sceniske ro og djupvarme røyst.

Irene Tillung:

Irene Tillung frå Voss er profesjonell utøvar på akkordion og er ein svært ettertrakta komponist og arrangør. Ho har fleire kritikerroste album bak seg, og fekk i 2022 den prestisjetunge Vossajazz-prisen. Ho har komponert musikk til film og TV, og har motteke Statens kunstnerstipend.

Lajla Storli:

Hardingfelespelar og songar Lajla Storli kjem frå Ullensvang i Hardanger. Ho har gått i lære hjå Knut Hamre i spel sidan ho byrja spele fele i 10-årsalderen, medan folkesong-repertoaret er henta frå fleire kjelder frå Voss og Hardanger.

Møya som drøymde (2013) – ei samling av ukjende mellomalderballadar og slåttar frå Hardanger og Voss. Lajla har motteke fleire stipend, mellom anna kulturstipend av Buskerud fylkeskommune og Statens Kunstnerstipend som folkekunstnar for 2022.

Konserten vert arrangert av Venelaget Olav H. Hauge og støtta av Sparebankstiftinga Hardanger og Folkeakademiet Hordaland.

POESIFESTIVALEN

Arrangør: Venelaget Olav H.Hauge

UNDER BERGFALL



LAURDAG 13.SEPT KL 13.30



IRENE
TILLUNG



BERIT
OPHEIM



JOHN OLE
MORKEN



LAJLA STORLI

KONSERT

I HAGEN PÅ ROSSVOLL I ULVIK

Billetter: nynorsk.no eller på e-Billett

Med støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger og Folkeakademiet Hordaland

TEMA FOR POESIFESTIVALEN 2024 ER DIKTSAMLINGA PÅ ØRNETUVA AV OLAV H. HAUGE

av Jorid Lekve Eide

På Ørnetuva kom ut i 1961 og reknast som Hauge sitt store gjennombrøt. Diktsamlinga tek opp tematikkar som einsemd, kjærleik, makt og maktesløyse. Sentralt står òg dikt som handlar om kva poesien gjer og kvifor den er nødvendig. Her finn ein eit stort poetisk overskot og dikting som skal særmerkje forfattarskapen til Hauge, som forankringa i den norrøne tradisjonen, dialogen med andre forfattarar og kombinasjonen av tradisjonelle og modernistiske trekk.

Årets Poesifestival tek pulsen på samtids poesien med det lyriske mangfaldet i *På Ørnetuva* som utgangspunkt.

Poesifestivalen utmerkar seg ved å

setja lyrikken i sentrum med Olav H. Hauge si dikting som utgangspunkt. Festivalen byr på eit lyriske mangfald og tek pulsen på samtids poesien. I tillegg til profilerte norske og nordiske poetar gjestar også kjende og kjære songlyrikkarar festivalen.

Denne helga i september tek Poesifestivalen heile bygda i bruk. I det tradisjonsrike ungdomshuset Elvatun finn du konsertar, Hauge-samtalen og festivalkro med lokale smakar på fat og i glas. Diktopplesing kan opplevast mellom epletre og sidergardar på landets einaste Fruk- og siderrute. I Haugesenteret finn du utstilling om Huges liv og verk, lyrikk i mange former og museumsbutikk.

VAR DET IKKJE DU?

Var det ikkje du som kom dansande i solskinet
millom selje og hatlerunnar, -
låttan din steig i ei glitrande drive
og klukka so djupt, so djupt,
og var det ikkje kastet av lokkane dine?
Jau, det var du.

Og var det ikkje du som stod att uppi haugane
og stakk solvinden med kvasse nåler
so tårone rann?
Jau, det var du.

Frå På ørnetuva, 1961



ULVIK
13.-15. september
2024



På Ørnetuva

POESIFESTIVALEN 2024

Kjøp billett på nynorsk.no



KOM IKKJE MED HEILE SANNINGI

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min tørste,
kom ikkje med himmelen når eg bed om ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget
og vinden eit korn av salt.

EG DREG IFRÅ GLASET

Eg dreg ifrå glaset fyrr eg legg meg,
eg vil sjå det levande myrkret når eg vaknar,
og skogen og himmelen. Eg veit ei grav
som ikkje har glugg mot stjernone.
No er Orion komen i vest, alltid jagande -
han er ikkje komen lenger enn eg.
Kirsebærtreet utanfor er nake og svart.
I den svimlande blå himmelklokka
ritar morgonmånen med hard nagl.

Dikta er frå På ørnetuva 1961

HUMORIST OG ENTERTAINAR: *DEN TREDJE MANNEN*

-ein prat med Steinar I. Bergo av Guri Hjeltnes

I Ulvik bor ein aktiv og engasjert Hauge-kjenner, forfattaren og den tidlegare lektoren Steinar I. Bergo. I mange år har han løfta fram Olav H. Hauge, både gjennom undervisningsopplegg og i fleire bøker. Den seinaste boka er òg verdt å lesa.

Steinar I. Bergo har kalla denne boka «Den tredje mannen. Humoristen og entertainaren Olav H. Hauge». Bergo fortel at han hørde tidleg om Olav H. Hauge.

- Far min var eitt år yngre enn han og hugsar han frå skulen. Hauge var kjend for å lesa i staden for å gjera «skikkeleg» arbeid i ei vanskeleg tid. Den eldre syster mi inviterte Hauge til ungdomsklubben på Betel og til Bergo. Me har eit handskrive dikt frå den gongen.

Som lærar i Granvin og seinare i Ulvik hadde Steinar I. Bergo og elevane ein del kontakt med Hauge. Dei sende han dikt som elevane hadde skrivne. Elevane fekk takkebrev som Bergo har teke vare på. Mellom anna hugsar Bergo at han skreiv til elevane i Granvin: «Granvin har hatt mange gode felespelarar. Kanskje dei no kan få gode diktarar og!» På konvoluttane var det ofte limt på ein lapp «Mot sal av leikevåpen!» Bergo tok og elevar frå Brakanes skule i Ulvik med på besøk til han på Rossvoll. Hauge gjekk att og fram på golvet, og prata og prata!

Så hadde Bergo han med seg til ein stor flokk elevar (samanslåtte klassar i norsk, vaksne folk litt før Reform-94.) Elevane var i utgangspunktet litt skeptiske til å høyra på ein så gammal mann! Men Hauge trollbatt dei med vitalitet og humør.

- Tida gjekk fort, kor lenge det varte, hugsar eg ikkje, men me fylgde ikkje klokka! Så stod Bodil brått i døra for å henta han. Dei skulle på biltur. Då han var ute av døra, sa ein bergensar høgt og spontant: «Han hadde jo humor maaen!»

Bergo var og med og samarbeidde med Hans Edvard Olsen i Norheim-sund om ein film om Hauge. Bergo las og snakka litt. Filmen vart vist på ein Poesifestival i Ulvik etterpå.

- **Korleis vart den nye boka om humor til?**
- Filmen til Vigdis Nilsen, «Den andre mannen», er profesjonelt og godt laga. Eg tenkte at trass i at Hauge hadde vanskeleg år med sjukdom, så hadde han humor. Det var ikkje «gapskratten», men ein lun humor, ein glimt i auga. Han kunne humra både av seg sjølv og andre. Eg hugsar at han snakka om Sylvia Plath som hardnakka hevda at inspirasjonen styrde skrivinga av dikta. Dei hadde funne rettingar i dikta hennar! «Ho trudde ikkje heilt på inspirasjonen,

ho heller», humra Hauge. For Hauge var diktinga hardt arbeid, og «ord det hardaste materialet som fanst»!

- Sjukdomen ville han ikkje vore forutan. «Berre gode dagar skaper ikkje gode dikting!» Som Jan Erik Vold sa i talen sin på Bjøteit hotell i Ulvik etter Hauges død: «Mens andre diktere ble sykere og sykere, så ble Hauge friskere og friskere!»
- Meininga med boka mi er å komplettera biletet av Hauge, slik at han ikkje vert for fokusert på som ein sjuk mørkemann. Folk/ ungdommane må sjå film- snuttane frå Haugesund der kultfiguren og den livlege, humorfylte held tale! Eg hugsar sjølv frå norskstudiet på Universitetet i Bergen at me hadde besøk av Hauge. Auditoriet var smekkfult, folk sat i glaskarmane. Seinare var han gjest i «Det norske selskap», og hamna kanskje på golvet i ein hybel??

Bergo viser til dikt med humor i boka, og viser til døme på humor i Hauges mange dagbøker. Dagbøkene har Bergo og lese frå A til Å. Det gjorde sterkt inntrykk at Hauge hadde sete på Rossvoll og funne fram til bøker som studentane måtte få tips om på UiB!!

DEN TREDJE MANNEN

HUMORISTEN OG ENTERTAINAREN
Olav H. Hauge



Foto: Steinar I. Bergo

Her har eg butt meir enn ein mannsalder.
År med vind og stjernor i høg rigg
har sigt framum.
Tre og fuglar har slege seg til her,
men eg har ikkje roa meg.

«Spør vindene» (1971)

- Det er meir humor å leita fram hjå Hauge, men det eg har plukka ut, skal vera ei god nok underbygging av det eg meiner! seier Steinar I. Bergo, med ein glimt i auget.

Dette har Steinar I. Bergo tidlegare skreve og utgjeve om Olav H. Hauge: Undervisningshefte om Hauge. Utgjeve to gonger på Biblioteksentrallen. Med mange tilvisningar, tekstar og linkar, (1999). Dette vart gjort litt i samarbeid med Bodil Cappelen. Mellom anna fekk Bergo teksten (upublisert) «Sumarmorgon i Ulvik og «Då smedola sprøyte aplane», og kopiar av brev og handskrivne dikt av Hauge.

«Olav H. Hauge og bygda» - Jubileumsboka til 100-årsdagen

2008. Skreve i lag med Arne Skjerven. (Det norske samlaget).

«Olav H. Hauge og Gamalt frå Ulvik». Uprenta lyrikk og stubbar gjennom 30 år. (Utdrag frå kladderbøkene) 2012. Utgjeve i lag med Arne Skjerven.

Hauge-CD:

Bergo har og laga ein presentasjons-CD om Hauge, med tekst, lyd og bilete.



Om forfattaren: Steinar I. Bergo

(f 1948) er cand. philol. med tysk, norsk og engelsk i fagkrinsen, har utdanning innan bibliotek og datakunnskap og har arbeidd

i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Busett i Ulvik.

SOLI KJEM ATT

Soli kleiv yver nuten
og rakk til gards
ein dag i kveldingi
ut i mars.

Blanke soloddar stakk
gjennom furebar;
fòk-kvite snøen svidra
og i augo skar.

Ho kom med vassferd frå renna
då det hende.

Bjørki vart so ljøs,
og kvælukt ho kjende.

Frå På ørnetuva, 1961

KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Arne Apold: Fødd 1954. Frå Ulvik. Utdanna ingeniør. Bur i Bergen.

Alf Gunnar Eritsland. Fødd 1949. Har vore førstelektor i norsk ved lærarutdanninga på Oslo Met, og leiar av Lærarutdanningsrådet. Har arbeidd i forlag og gitt ut fleire bøker, mellom anna om skriveopplæring. Disputerte i 2020 med ei avhandling om vekking og lærarutdanning.

Jorid Lekve Eide: Fødd 1982. Utdanna biletkunstnar med mastergrad frå Statens kunstakademi og The Finnish Academy of fine art. Arbeider i dag som arenaleiar i Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum.

Elisabet Vallevik Engelstad. Fødd 1940 i Ulvik, bur i Bærum. Cand. philol. og har arbeidd som lektor ved Oslo Katedralskule fram til pensjonsalder. Ho har vore forfattar og medforfattar av fleire bøker om poesi og lokalhistorie/ fotografar.

Ågot Gammersvik. Fødd 1949. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Hardanger Folkemuseum og Maihaugen. No prosjektleiar ved Bergenhus Festningsmuseum.

Øystein Hide. Fødd 1975 i Ulvik. Faglitterær forfattar og omsetjar. Universitetslektor i filosofi ved UiB sidan 2004. Tidlegare programansvarleg for mastergraden i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda og PhD-stipendiat i tekstvitenskap ved Universitetet i Oslo. Disputerte nyleg med avhandlinga: *«Eg trur på deg, mi sjel...» Om sjølvkommunikasjon i Olav H. Hauge: Dagbok 1924–1994.*

Guri Hjeltnes. Fødd 1953. Busett i Oslo. Historikar og journalist og nyleg pensjonert frå stillinga som direktør ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter. Ho er bokmeldar og forfattar av fleire sakprosa-bøker.

Lajla Buer Storlie. Fødd 1979 i Ullensvang. Kvedar og hardingfelespelar. Utdanning frå Universitetet i Sør-Øst-Norge avd. Rauland. Ho arbeidar som frilans muskar med plateutgjevingar og konsertar i tillegg til undervisning.

STYRET I VENELAGET

Ågot Gammersvik, leiar - **aagot.gammersvik@gmail.com** - tlf 917 75 735

Guri Hjeltnes, nestleiar - **guri.hjeltnes@hlsenteret.no** - tlf 452 30 353

Torbjørn Ljones - **torbjorn@ljones.no** - tlf 934 12 412

Marit Hafting - **marit.hafting@gmail.com** - tlf 995 50 315


Nils Vidar Vambheim - **vidar.vambheim@uit.no** - tlf 452 19 833

Alf Gunnar Eritsland, varamedlem - **alfgunnar49@outlook.com** - tlf 992 74 225

Ingebjørg Winjum - **ibwinjum@hotmail.com** - tlf 404 03 863

Kasserar og rekneskakpsfører: *Anders Opheim* - andersko@ulvik.org

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Ågot Gammersvik, Torbjørn Ljones, Alf Gunnar Eritsland, Ingebjørg Winjum.



Returadresse: Ågot Gammersvik, Marihaugen 30, 5302 Strusshamn



EG HOGG NED DEN STORE APALEN UTFOR GLASET.
HAN SKYGDE FOR UTSYNI, DET VAR EITT, DET
VART SKUMT I STOVA UM SUMAREN, DESSUTAN
VILDE IKKJE GARTNARHALLEN HA
FLASKEPLE Lenger.

EG TENKTE PÅ KVA FAR MIN
VILDE HA SAGT, HAN LIKA
DEN APALEN.
MEN EG HOGG HAN NED.
DET VART LJOsARE, EG KAN
SjÅ UT FJORDEN OG ELLES
FYLGA BETRE MED
PÅ FLEIRE KANTAR,
HUSET KOM MEIR
I BERRSYNI,
VISER MEIR ATT.

EG VIL IKKJE VERA VED DET, MEN EG SÅKNAR APALEN.
HER ER IKKJE SOM FYRR. HAN LIVDE FOR VINDEN OG GAV
GOD SKUGGE, SOLI GLYTTE GJENNOM GREINENE INN
PÅ BORDET, OG UM NETENE LÅG EG OFTE OG LYDDE
TIL SUSEN I LAUVET. OG DEI FLASKEPLI, DET FINST IKKJE
BETRE UT PÅ VÅRPARTEN, DEI HAR SÅ FIN KRYDDA SMÅK.
DET GJER ILT KVAR GONG EG SER STUBBEN; NÅR HAN ER MORKEN
SKAL EG BRJOTA HAN UPP OG SLÅ HAN SUND TIL VED.